

SERVICE-ERKLÆRING; – KARTLEGGING, VURDERING OG TILDELING AV HELSE OG OMSORGSTENESTER

- Alle som er busett eller har midlertidig opphald i Vindafjord skal få naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg når behov oppstår.
- Det er ingen aldersavgrensingar som regulerer kven som kan få tenester.
- Kommunen legg LEON-prinsippet til grunn for all tenesteyting (**L**ågaste **E**ffektive **O**msorgs**N**ivå).Tiltak som førebygger, reduserer eller utsetter behov for institusjonsbehandling eller anna heildøgnstilbod vert prioritert.
- Tildeling og vedtak om tenester er lovregulert.

Vindafjord kommune legg opp til slik praksis:

- Ved akutt behov yt ein hjelp fyrst og gjer skriftleg sakshandsaming etterpå.
- Det vert gjennomført samtale med alle nye søkjarar. Ved behov vert det gjennomført heimebesøk. Slike skal avtalast i forkant og gjennomførast seinast tre veker etter at søknad er mottatt.
- Gjeldande kartleggingsverktøy , t.d. IPLOS, skal nyttast til kartlegging av funksjonsnivå .
- Kva som er aktuell teneste/yting skal vurderast saman med søkjar og/eller bistandsperson og ut frå gjeldande lovverk. Søkjar/bistandsperson skal medverke i kartlegging og planlegging. I samband med kartlegging av hjelpebehov skal det avklarast kva pårørande eller andre nærpersonar kan/ynskjer å bidra med.
- Vurdering av hjelpebehov og tildeling av tenester blir gjort etter ei totalvurdering av ansvarleg fagperson og ut frå gjeldande lovverk.. Hjelpa vert ytt ved tenester/ytingar som er tilpassa søkjar sine behov og livssituasjon.
- Søkjar får skriftleg vedtak med grunngjeving seinast 1 månad etter at søknad er mottatt. Om vedtak er venta å ta lengre tid skal søkjar ha skriftleg melding om dette, inkl. planlagt vedtaksdato.

Vedtaket skal ha slikt innhald:

- Kva teneste(r)/ytingar søkjar er tildelt med grunngjeving.
- Berekna tidsbruk for tenesten(e)
- Utløpsdato og evalueringsdato for vedtaket.
- Kontaktinformasjon i kommunen
- Klagerett (fristar, rett til innsyn, innsending, evt hjelp til utforming av klage,)

Iverksetting:

- Iverksetting av vedtaket skjer etter avtale med søker.
- Hjelpa vert ytt til avtalt tid og stad og om me må endre avtalt besøk skal tenestemottakar om mogleg ha melding om dette dagen før.

Anna:

- Tal hjelparar som fylgjer opp den enkelte brukar skal avgrensast så langt det er mogleg.
- Kvar brukar skal ha ein kontaktperson/primærkontakt i avdelinga han/ho mottar tenester frå
- Alle tilsette har teieplikt om personlege/private forhold hjå brukarane som dei får innsyn i.
- Det vert kravd eigenbetaling i tråd med gjeldande lov og forskrift samt kommunen sitt taksthefte.

Vedtatt av OPOM 15.12.11.- sak 049/11